



BÆREKRAFTIGE LIV SA  
Kanonhaugen 8  
5097 BERGEN

Dato: 25.02.2016  
Vår ref.: 2015/11975-45  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

Att. Liv Karin Lund Thomassen og Agnes Vevle  
Tvinnereim

## Tilskot til miljø- og klimatiltak - animasjonsfilm og nettverkskonferanse og Nettverkskonferansen for Bærekraftige liv

Vi viser til søknadane dykkar om tilskot til animasjonsfilm om Bærekraftige liv konseptet og Nettverkskonferansen for Bærekraftige liv datert 15.2.2016. De søkte om høvesvis kr. 60 000,- og 50 000,-. Vi må diverre gje avslag på søknadane. Vurdert i høve til øyremerking av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar er vi kome til at vi ikkje kan støtte prosjekta.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Karen Louise Nybø, som de kan kontakte på tlf. 55 23 93 18 eller e-post: [Karen.Louise.Nybo@hfk.no](mailto:Karen.Louise.Nybo@hfk.no).

### Klage / Innsyn i dokumenta:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi ønskjer dykk lukke til vidare!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Agnes Vevle Tvinnereim

